



Landbruks og matdepartementet
postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Vår ref.
13/53-7/K2 - V60, K3 - &00/ABOL

Dykkar ref.

Dato:
14.01.2015

Høring av framlegg om oppheving av konsesjonslova og buplikt

Konsesjonslova sikrar personleg eigarskap til landbrukseigedomar.
Lova hindrar oppsamling av eigedomar på få eigarar.
Den sikrar at aktive bønder får overta landbrukseigedomar.
Lova ivaretek interessene til kjøpar, den som skal inn i næringa.
Den held pris på landbrukseigedom på eit samfunnsmessig forsvarleg nivå.
Den sikrar busetjing på landbrukseigedomar.

Fjerning av konsesjonslova og buplikta på landbrukseigedomar vil medføre at prisar på gardsbruk vil auke, gardsbruk blir investeringsobjekt for pengesterke investorar.
Det blir svært skadeleg for rekrutteringa av ungdom inn i landbruket, dei vil ikkje kunne konkurrere på pris i ein open marknad utan prisregulering.

Bøndene kasta åket som leiglendingar med hjelp av lovverk som odels- og konsesjonslova og vart sjølveigande.
Ved å kaste vrak på konsesjonslov og buplikt og slepp fri marknad på landbrukseigedomar står ein i fare for å gjeninnføre ein adel, der den aktive bonden blir leiglending.

Ta vare på konsesjonslova og buplikta som rammeverk for landbruket.
Det er viktige verktøy for lokal forvaltning av ressursane i landbruket vårt.

Med helsing

Annlaug Bolstad
jordbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur